

Dei tilsette nådde

Kjell Nygård og dei tre andre tilsette ville at styret skulle krevje meir pengar til Helse Førde, men fekk ikkje med seg resten av styret.



Håvar Fagerli
FØRDE

Styret valde å ikkje gjere endringar i budsjettframlegget til administrasjonen. I budsjettet vert det ikkje kuttet i funksjonar ved lokalsjukehusa, og ikkje lagt ned ambulansar. Helse Førde vil likevel spare inn 70 millionar med det dei kallar ei smartare og meir effektiv organisering.

Frisk kapital

Dei fire styremedlemmane som representerer dei tilsette gjekk saman og fremja eit eige tillegg til budsjettframlegget. Det gjekk ut på at styret måtte krevje frisk kapital for å oppretthalde dagens tenestnivå i Helse Førde.

– Det er vanskeleg å seie kva konsekvensar det vedtekne budsjettet får for lokalsjukehusa. Det som i alle fall er sikkert er at pasientane får eit dårlegare tilbod, og vi tilsette må springe endå fortare enn før, seier Kjell Nygård til Fjordenes Tidende etter styremøtet.

I framlegget frå administrasjonen tok ein utgangspunkt i at ein skulle behalde dagens tenestnivå ved lokalsjukehusa. Dei tilsette gav uttrykk for at ein vanskeleg kan greie det med kutt på over 70 millionar kroner.

– Dagdrøyming

Både nestleiar Kjell Opseth og viseadministrerende direktør i Helse Vest, Helge Bryne, gav tydeleg beskjed til dei tilsette at framlegget deira ikkje kunne brukast.


– Eg vil reservere meg mot dette og vil tilrå at vi går for framlegget til administrasjonen, sa Bryne.

– Vi er nøydd til å forholde oss til det som ligg føre. Det som dei tilsette fremjar her er ønsketenkning, sa Kjell Opseth.

Fleirtalet i styret gav uttrykk for at dei hadde fått eit oppdrag frå eigar, og at dei ikkje både kunne seie ja til oppdraget og samstundes be om meir pengar i ettertid. Det vart også gjeve uttrykk for at dei tilsette sitt framlegg ville vere ei utholing av budsjettvedtaket.

Også kommunelege i Luster, Knut Schönberg, ville fortelje dei tilsette kva oppgåver styret i Helse Førde hadde denne fredagen.

– Vi har eit oppdrag frå vår eigar. Vi skal levere eit budsjett, og det vi må gjere her i dag, sa Schönberg.



Jorunn Ringstad sa ho sakna ei meir formell formulering i framlegget frå dei tilsette.

Kjell Nygård seier til Fjordenes Tidende etter møtet at dei truleg hadde fått med seg fleire på framlegget om dei hadde hatt lengre tid på å formulere framlegget. Nygård bad under møtet at framlegget deira fekk følge møteprotokollen.

– Eit dårleg budsjett

Etter at alle styremedlemmane hadde utalt seg om budsjettet, og gjeve administrasjonen ros for godt arbeidet, kom dommen frå Rune Larsen, tillitsvald for le-gane:

– Vi strekkjer fellen for langt så lenge som held oss borte frå dei freda områda. Eg seier det rett ut. Dette budsjettet er dårleg. Ostehøvelen er nytta nok ein gong. Og dette er ei underbudsjettering. Vi vil ikkje vere i stand til å drifte helseforetaket på ein skikkeleg måte slik som budsjettframlegget frå adminis-

trasjonen legg opp til, sa Rune Larsen.

Protokolltilførsel

Kjell Nygård, som sette fram forslaget frå dei tilsette, bad om følgjande protokolltilførsel etter styremøtet:

«Underteikna styremedlem stemte mot det vedtekne budsjettet då ein meiner det inneber ei vesentleg foringing av spesialisert tenestetilbodet i Helse Førde HF, og ytterlegare press mot arbeidsvilkår for dei tilsette i helseforetaket. Ein er av den oppfatning at vedteke budsjett ikkje kan ivareta intensjonen om eit likeverdig tenestetilbod for befolkninga i Sogn og Fjordane. Budsjettet gjev heller ikkje rom for opptrapping av nasjonale satsingsområde som til dømes psykiatri, rus, rehabilitering, forskning og kompetanseheving, og organisasjonsutvikling.»

Også dei andre tilsettere-representantane slutta seg til protokolltilførselen.

Fleire usikre m

I det vedtekne budsjettet legg Helse Førde opp til det dei kallar generell effektivisering. – Eg må innrømme at vi økonomar tykkjer dette er diffust, sa Jon Bolstad.

Sjølv om administrerende direktør innrømte at eige budsjettframlegg kunne verke noko diffust, fekk det klart fleirtal under styremøtet.

Bolstad la vekt på at Helse Førde i 2007 skal satse på dagkirurgi og færre liggjedøgn.

– Vi har god kapasitet, men for lange ventetider. Vi må organisere poliklinisk meir effektivt. I tillegg må vi bli flinkare til å ikkje henvisse pasien-

tar ut av fylket. Med færre gjestedøgn utanfor fylket, vil vi òg få redusert reiseutgifter, sa Jon Bolstad.

Styret vedtok at helseforetaket skal gjennomføre ein reduksjon i årsverk som tilsvarar 18 millionar kroner.

– Eg må innrømme at 18 millionar er eit forferdeleg tal. Det er her ikkje snakk om fast løn, men ein reduksjon av ekstrahjelp og reduksjon i sjukefråværet, sa han vidare.

Lege og styremedlem Rune Larsen tok her ordet:

– Dagkirurgi er både tid- og utstyrs-krevjande. Skal ein gjere ein lukka operasjon tek det 4-5 timar samanlikna med ein tilsvarande open operasjon som tek 1-2 timar. I tillegg vil denne dagkirurgi-operasjonen